

Arnfinn Halland  
Solendvegen 62  
5936 Manger  
Tlf.: 56347190  
E-post: [halland@bgnett.no](mailto:halland@bgnett.no)

20. mai 2014.

Radøy kommune  
5936 Manger

*Vedkomande søknad om frådeling av bustadtomt.*

Kona og eg ønskjer å dela frå ein bustadtomt til dotter vår, Ingunn. I dag leiger ho eit hus i området her, men ønskjer å etablere seg i bygda med eige hus og heim og med kulturlandskap rundt seg.

Huset er tenkt plassert ved naboeigedomen i sør. Dermed vil ein unngå køyring gjennom gardstunet her. Denne plasseringa gjev heller ingen andre ulemper for gardsdrifta her, korkje når det gjeld gjødsling, innhausting av gras eller beiting.

Avstand til hovudveg er ca 60 meter og dermed god med tanke på tryggleiken til borna hennar.

Me ser det som viktig å få fleire fastbuande til bygda vår. Og hjelp frå Ingunn og familien hennar i gardsdrifta her vidare er også sterkt teljande for oss.

Alle som har krav på nabovarsel er positive eller nøytrale og dei nærmaste naboane har skriftleg samtykt til tiltaket.

Venleg helsing

